

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FØRDE HF

MØTEDATO: 22.06.2021, kl. 10:10-15:15
MØTESTAD: Scandic Sunnfjord Hotell, Førde

Styremøte var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar (deltok digitalt)
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem (forlet møte kl. 15)
Ole Gunnar Krakhellen	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem
Eiliv Berdal	Observatør

Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerande direktør
Børge Tvedt, direktør Psykisk helsevern
Øystein Helleseth, økonomidirektør
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør
Evy-Helen Helleseth, fagdirektør
Tom Guldhav, direktør Kirurgisk klinikk
Trine Vingsnes, direktør Medisinsk klinikk
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef
Frode Schanke, IKT-sjef
Tone Holvik, stadleg leiar Nordfjord sjukehus (deltok digitalt)
Marte Ulltang, kst. samhandlingssjef (deltok digitalt)
Berit Irene Haarklau, referent

Andre deltakarar

Ingrid Aanerud Sælen, pasient- og brukarombod i Sogn og Fjordane
Ingelin Skadal, prosjektleiar (deltok digitalt)
Marit Solheim, forskingsleiar (deltok digitalt)
Guro Mjanger, seksjonsleiar (deltok digitalt)
Lars Inge Eikefjord, IKT-sikkerheitsleiar

SAKLISTE

Saksnr.	Sakstittel
035/2021	Godkjenning av innkalling og dagsorden
036/2021	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 25.05.2021
037/2021	Administrerande direktør si orientering
038/2021	Rapportering frå verksemda per mai 2021
039/2021	Møteplan og årsplan 2022 for styret i Helse førde HF
Saker til orientering:	
040/2021	Årsmelding 2020 frå pasient- og brukarombodet i Sogn og Fjordane
041/2021	Rapportering om prosjekt i Helse Førde
042/2021	Statusrapport om forskning i Helse Førde
043/2021	Statusrapport om innovasjon i Helse Førde
044/2021	Eventuelt Skriv og meldingar
Lukka del:	
045/2021	Leiinga sin årlege gjennomgang av informasjonssikkerheit 2020 for Helse Førde

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Agnes Landstad ønska styret, administrasjonen og andre deltakarar velkommen til dagens styremøte ved Scandic Sunnfjord Hotell.

STYREMØTE STARTA MED ORIENTERING

Pasient- og brukarombod Ingrid Aanderud Sælen orienterte om:
Årsmelding 2020 frå pasient- og brukarombodet i Sogn og Fjordane

Kva kan vi hjelpe med?

- Veilede
- Møte med tenesteytar
- Bistand til å klage
- Bistand til krav om pasientskadeerstatning

Nasjonalt var det 14 417 saker til pasient- og brukaromboda i 2020.

I Vestland kontor Førde var det 274 saker. Kun 19 av desse var knytta til pandemien, og dei omhandla besøksrestriksjonar og tilstrekkeleg smittevern.

Kontaktpunkt for pasient- og brukarombodet er:

- Styret og Brukarutvalet

- Fagdirektørs kontor
- Dialogmøter i konkrete saker
- Løpande dialog og kontakt

Tenestenivå viser stabilt nivå over tid med ca 60% førespurnader til spesialisthelsetenesta og 40% til den kommunale helse- og omsorgstenesta. Dei fleste klagenes i spesialisthelsetenesta er knytt til ortopedi, også til psykisk helsevern.

Styret takka for orienteringa.

Sak 035/2021 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styreleiar Landstad leia møtet og orienterte om dagsorden

- Styremøte hadde orientering
- Fire dokument var utsendt til Skriv og meldingar

Nye Skriv og meldingar var lagt på bordet:

- Brev til Justis- og beredskapsdepartementet vedr. Høyringsfråsegn frå Helse Førde – Styresmaktene si handtering av koronaepidemien, datert 17.06.2021
- Brev til Helsedirektoratet vedr. Høyringsuttale – Nasjonale faglige råd for forebygging og riktig bruk av tvang i psykisk helsevern for voksne, datert 18.06.2021

Vedtak (samrøystes):

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

Sak 036/2021 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 25.05.2021

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 25.05.2021.

Sak 037/2021 Administrerande direktør si orientering

Adm. direktør Varden innleia om to nye punkt:

9. Status prehospitale tenester fase 3
10. Tiltak psykisk helsevern for barn og unge

Første fagbrev i helsefagarbeid i Helse Førde var i mai 2021, med bilde av Ann-Kristin Frøyen som tok fagbrev i Kirurgisk klinikk.

1. Rapportering tilsynssaker

2. Oversikt over aktuelle høyringar

Direktør Guldhav orienterte om:

Høyring – Utredning om organisering av luftambulansetjenesten

Den har tydeleggjort fordeler og ulemper med modellane:

- Dagens modell, med forbetningsmogelegheit for denne
- Modell med offentleg drift
- Modell med drift av ideelle aktørar

Ekspertgruppa sin konklusjon er å halde på dagens struktur. Helse Førde støttar tilrådinga til ekspertgruppa.

Direktør Tvedt orienterte om:

Høyringsuttale – Nasjonale faglege råd for forebygging og riktig bruk av tvang i psykisk helsevern for voksne

Bakgrunn er kjent for styret. Tvang skal brukast i minst mogleg grad.

Det er laga 12 råd som omfattar leiing, kompetanse, involvering av pårørande, skjermingsplan, ettersamtaler, leiinga sin gjennomgang, bruk av kriseplan og evaluering.

Det mest krevjande punktet for tenesta er punkt 12, med evaluering av alle tvangsinnleggingar.

Helse Førde er positive til høyringsdokumentet.

3. Saker til oppfølging etter styremøte

4. Korona – status i Helse Førde

Adm. direktør Varden orienterte om status korona Helse Førde per 21. juni:

- Innlagt: 0
- Karantene/sjukmelde pga korona: 1
- Totalt innlagte til no: 30
- Dødsfall: 1

Det er lågt smittetal i Helse Førde sitt område.

Status vaksinerings av tilsette 21. juni viser:

- Totalt tal første dose: 2393
- Totalt tal fått andre dose: 1812

I den siste tida har vi innført lettelsar i tiltak for tilsette som er beskytta.

Nokre nye endringar:

- Munnbind: Utvida bruk av munnbind vert avvikla for beskytta tilsette.
- Kollegakontakt: Generelt råd om ein meter avstand mellom beskytta kollegaer på jobb i helsetenesta blir avvikla.
- Tilgangskontroll er no avvikla. Prescreening av pasientar som før.
- Pasientreiser: Beskytta pasientar kan transporterast i same bil.
- Heimekontor: Alle tilsette er velkommen tilbake på jobb.

I FAMU er det no nedsett ei arbeidsgruppe som skal vurdere heimekontor og retningslinjer framover.

Fagdirektør Helleseth orienterte om at besøksrutinar no er letta på. Vil skal tilnærme oss normale. Ein må ringe avdelinga før besøk og i avdelinga skal ein bruke skjønn og tilrettelegge for besøk.

5. Status lærlingar

Styret får rapport om lærlingar kvar halvår, med oversikt over eigne lærlingar innan fagområda. Jf. notat.

6. Nye Førde sjukehus

Adm. direktør Varden orienterte om Nye Førde sjukehus.

Status Livaprojektet:

Ca 50 av 250 pålar er bora. Utgraving av byggetomt fortset mot Svanabygget. Påling vil pågå gjennom sommarferien, bortsett frå ei veke.

Økonomisk status:

Liten reservemargin i projektet. Overskriding av reserve i Livabygget vil kunne påvirke tidsakse og omfang for Svana 2 og Svana 3. framleis ein sluttprognose på 13 millionar over budsjett. Styret vil bli orientert undervegs.

7. Status samhandlingsavtalar mellom Helse Førde og kommunane

Stadleg leiar Holvik orienterte om:

Status samhandlingsavtalar mellom Helse Førde og kommunane

Vi har i dag 17 kommunar som er i Helse Førde sitt opptaksområde. Rammeavtale er inngått, den er overordna styrande for alle underliggande avtalar. Vi har nokre særavtalar mellom den enkelte kommune og Helse Førde.

Samarbeidsavtalar mellom den enkelte kommune og Helse Førde omfattar:

- Fagnettverk innan eldremedisin og eldreomsorg
- Samarbeid om LIS1- og LIS3-teneste for legar

Oppsummert:

Helse Førde har samhandlingsavtalar for det som er krav om i lovverk. Ikkje alle kommunane har returnert signerte avtalar. Nokre av avtalane er moden for revidering. Ikkje alle evalueringar er gjennomførte. Planen var revidering i 2020, men vart forskyvd grunna pandemi. Det er varsla ny rettleiar i 2022, og vi avventar arbeidet til då.

Kst. samhandlingssjef Ulltang orienterte om:

Status – revidering av rettleiar for samarbeidsavtalar

Ingen lovmessige endringar utanom tillegg § 6-2 om felles planarbeid. Forenkla utan at grunnleggande struktur blir endra for mykje. Auke fokus på prosess, og vil byggje på prinsippet om statleg tilrettelegging og lokal avgjerd. Avtalen om helsefelleskap mellom KS og regjeringa + målbildet i nasjonale helse- og sjukehusplan vil vere innarbeidd.

Styret stilte spørsmål om det er ein rammeavtale og 19 delavtalar med kvar av kommunane? Vil den nye rettleiaren har sama tal avtaler?

Kst. samhandlingssjef Ulltang svarta at det er 12 område ein må ha avtale på. Vi forventar ikkje store endringar for vårt område.

8. Befolkningsundersøking 2021

Kommunikasjonssjef Ulvedal orienterte om befolkningsundersøkinga, som tidlegare heitte omdømmemåling.

Befolkningsundersøkinga har intervjuet 500 personar frå kvart av helseføretaka i Helse Vest. Undersøkinga viser at tiltrua til spesialisthelsetenesta har auka gjennom pandemien. Det er lik utvikling i alle føretaka i Helse Vest. «Avstanden» mellom føretaka krympar.

Styret kommenterte at dette er gode utviklingstrendar for heile spesialisthelsetenesta.

9. Status prehospitala tenester fase 3

Direktør Guldhav orienterte om arbeidet i prosjektgruppa for prehospitala tenester fase 3.

Vurderingar som er lagt til grunn i Bremanger-modellen er:

- Forskriftskrav og handlingsrom
- Ambulansepersonelle sitt syn på modellen

- Fagkompetanse og ressursar frå Bremanger kommune
- Legevakt i Bremanger
- Moglege arbeidsoppgåver for modellen
- Ambulansebåt Florø

Gjennom arbeidet har alternativ 2 «Båt i Florø med ekstra ambulansesarbeidar» blitt vurdert som stadig meir interessant.

Etter møte med Bremanger kommune fekk vi gode avisoppslag.

Mandat arbeidsgruppe Lavik:

Mandatet frå styret var å sjå på alternative modellar. Tre alternativ er under arbeid og vil bli framlagt for styret.

- 1) Døgn og dag i Dale, to døgnbilar i Høyanger kor den eine plasserast i Lavik på natt
- 2) Døgn og dag i Dale, døgnbil i Lavik, Døgn og dag i Høyanger
- 3) To døgnbilar i Dale, døgnbil i Lavik, Døgn og dag i Høyanger

Adm. direktør Varden sa at planen er å legge denne saka fram for styret 1. september, med fire veker høyring, deretter eit ekstraordinært styremøte i september/ oktober.

Styret takka for god orientering. Det har vore ein god prosess, med brei involvering og ein har brukt god tid i dialogen med kommunane.

10. Tiltak psykisk helsevern for barn og unge

Direktør Tvedt orienterte om status for tiltak i psykisk helsevern for barn og unge.

- Nordfjord BUP har tilsett to psykologar, den eine starta 18. mai, den andre startar til hausten. Eine psykolog får forlenga vikariat første halvår 2022.
- Førde BUP har ikkje fått tak i barnepsykiater. Det er lyst ut etter psykolog, og vi har tilsett erfaren sosionom frå hausten.
- Sogndal BUP aukar stillingsprosenten for erfaren psykolog, og er i tilsetjingsprosess med ny psykolog i deltidstilling.

Det vil fortsatt ta litt tid før vi ser effekt av tilsetjingane. Tilvisingsstraumen er framleis høg. PBU planlegg kurs for 1. linja for å styrke dei i arbeid med pasientar som slit med sjølvskading/sjølvmondsåtferd. Vi vil nytte kapasitet ved UPH til utredning når det er tid til det. Men no og større trykk på UPH.

Styret takka for god orientering.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek meldingar til orientering.

Sak 038/2021 Rapportering frå verksemda per mai 2021

Oppsummering:

Administrerende direktør Varden innleia rapportering med si vurdering:

- Ventetid for ventande innan somatikk var 57 dagar ved utgangen av mai, som er på same nivå som førre månad. Innanfor psykisk helsevern er nivået også på same nivå som førre månad
- Det er førebels registrert 103 nye fristbrot i mai
- For perioden januar – april 2021 er andel nye pasientar som er i eit pakkeforløp kreft 77%. For alle pakkeforløp samla sett har Helse Førde ei måloppnåing på 67%.
- Aktiviteten innan somatikk målt i DRG-poeng og utan H-resept var 82,1 prosent i mai, målt mot budsjett
- Til no i år er aktiviteten 92,2 prosent
- Resultat i perioden er negativt med 3,7 millionar, som er 6,5 millionar bak budsjett
- Til no i år er resultatet 0,-, som er 13,9 millionar bak budsjett. Pandemien er den største enkeltposten til avviket.
- Sjukefråværet i april var 5,8 prosent.

Fagdirektør Hellesteth orienterte om: Kvalitet og pasienttryggleik

- Trygg pleie – fall, viser 75 prosent, mot 76 prosent førre månad
- Trygg pleie – trykksår, viser 73 prosent, mot 74 prosent førre månad
- Trygg pleie – underernæring, viser 62 prosent, mot 64 prosent førre månad
- Ventetid – helsehjelp starta i perioden viser 64 dagar i somatikk, 35 dagar i PHV voksne, og 46 dagar i PBU,
- Utvikling gjennomsnittleg ventetid ved periodeslutt, viser 57 dagar i somatikk
- Utvikling gjennomsnittleg ventetid viser samla for Helse Førde 56 dagar
- Fristbrot, viser 103 nye fristbrot i mai

Pandemien har hatt stor påverknad for barn og unge, og dette må vi ha fokus på framover.

Vi har eit forbettringspotensiale på direkte timetildeling. Målet er å auke andelen med direkte timetildeling.

Økonomidirektør Hellesteth orienterte om: Aktivitet, bemanning og økonomi

Pasientflyt per mai viser:

- 5 802 nyttilviste, derav 2 510 Ø-hjelp, 2 917 elektive og 272 andre
- Ventelistekø viser 6 093
- Totaltø (alle som ventar/ er i behandling) viser 52 436
- Avslutta viser 5 758

Tal behandla eller undersøkte pasientar vart 5,6 prosent lågare enn plan. Aktivitet i somatikk viser 385 DRG-poeng bak budsjett.

Aktivitet i psykisk helsevern viser for vaksne har vore opp mot nivået for same periode i fjord, men vi har framleis lågare aktivitet enn plan. For TSB og barn og unge har aktiviteten i perioden vore god.

Digitale helsetenester (telefon og video) viser samla 1233 konsultasjonar, dvs. 9,4 prosent av dei ISF-refunderbare polikliniske konsultasjonane. Regjeringa har gjennom statsbudsjettet sett 15 prosent som mål.

Samla var sjukefråværet i april 5,8 prosent.

Brutto månadsverk i perioden var 2406 og netto månadsverk var 2271. Hovudårsaka til auken er ekstra arbeid knytt til covid-19.

Resultatet i perioden er minus 3,7 millionar, som er 6,5 millionar bak budsjett. Estimert effekt knytt til pandemien er 13,8 millionar. Resultatet til no i år er 0,-, som er 13,9 millionar bak budsjett.

Vurdering av underliggende drift er om lag i balanse. Risiko framover er knytt til aktivitet, og at ein klarer å redusere kostnader knytt til pandemien.

Andre forhold er:

- Revidert nasjonalbudsjett. I perioden januar til april har Helse –Førde fått 14,3 millionar.
- Endring i resultatkravet for 2021 – Styret i Helse Vest RHF

Styret kommenterte med hovudfokus på psykisk helse for barn og unge.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per mai 2021 til vitende.

Sak 039/2021 Møteplan og årsplan 2022 for styret i Helse Førde HF

Oppsummering:

Det vert i forslag til møteplan lagt opp til åtte styremøter og to styreseminar i Helse Førde HF i 2022. Styremøta i Helse Førde startar vanlegvis med «Fagleg orientering» som første del i møta. Styremøta vert halde ved institusjonane.

Årsplanen er eit verktøy for å skape oversikt og strukturere styrearbeidet gjennom året, også å prioritere tida slik at viktige saker får størst plass.

Styret drøfta møteplan og årsplan 2022:

- *Sak om «Leiinga sin gjennomgang av kvalitetsstyringssystemet» vert sett opp i møteplanen til hausten (oktober) 2022.*
- *Styreleiar og adm. direktør kan vurdere om nokre av styremøta kan vere digitale møter.*

Vedtak (samrøystes):

1. Styret i Helse Førde HF godkjenner møteplan 2022:

Møteplan 1. halvår 2022	
Møtedato	Møtestad
Fredag 28. januar	Førde, FSS
Torsdag 24. mars	Førde, FSS
Måndag 30. mai	Sogndal, ISP
Torsdag 16. juni	Lærdal, LSH
Møteplan 2. halvår 2022	
Onsdag 7. september	Førde <i>*fellesmøte m/Helse Vest RHF</i>
Torsdag 27. oktober	Førde/ Kyrkjebø
Torsdag 24. november	Førde, FSS
Fredag 16. desember	Førde, FSS

2. Styreseminar (kveld) vert i samband med styremøte i mai og november 2022.
3. Styret i Helse Førde HF godkjenner årsplan 2022, med korrigert møtedato, i samsvar med vedtak punkt 1.

Saker til orientering:

Sak 040/2021 Årsmelding 2020 frå pasient- og brukarombodet i Sogn og Fjordane

Oppsummering:

Pasient- og brukarombodet skal arbeide for å ivareta pasienten og brukaren sine behov, interesser og rettstryggleik overfor den statlege spesialisthelsetenesta og den kommunale helse- og omsorgstenesta, og for å betre kvaliteten i desse tenestene.

Ombodet i Sogn og Fjordane hadde 274 førespurnader i 2020, som viser noko nedgang frå førre år.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek «Årsmelding 2020 frå pasient- og brukarombodet i Sogn og Fjordane» til orientering.

Sak 041/2021 Rapportering om prosjekt i Helse Førde**Oppsummering:**

Det er stor og aukande aktivitet i prosjekt innan bygg, IKT og organisasjonsutvikling. I tillegg blir det arbeidd for å betre styringa av den samla porteføljen.

Porteføljerapporten viser oversikt for desse programma:

- Pasientens helseteneste
- Nye Førde sjukehus
- Alle møter
- Heliks
- Libra

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tek rapportering om status prosjektportefølje til vitende.
2. Styret ber administrerande direktør arbeide vidare med å betre styringa av prosjektporteføljen slik det går fram av saksframlegget.

Sak 042/2021 Statusrapport om forskning i Helse Førde**Oppsummering:**

Forskning er ei av kjerneoppgåvene til Helse Førde og eit sentralt satsingsområde for føretaket. Aktiviteten har vore relativt låg samanlikna med andre helseføretak tidlegare, men vi er no i gang med ei gradvis opptrapping både av ressursbruk og aktivitet.

I 2020 publiserte tilsette i Helse Førde 33 vitskaplege publikasjonar, og desse gjev 25 publikasjonspoeng for HFD. Både tal publikasjonar og publikasjonspoeng er på om lag same omfang som dei siste åra. 24 prosent av artiklane er på nivå 2, dette er om lag same andel som nasjonalt.

I 2021 har vi hatt tre disputasar:

- Pål Andre Hegland disputerte 14. januar med avhandlinga «*Patient-reported outcome measures in follow-up care after bariatric surgery.*»

- Tone Larsen disputerte 28. april med avhandlingen «From increased user participation to co-creation leadership: An action research case study in public specialised mental health and substance abuse services»
- Anja Myhre Hjellevold disputerte 17. juni med avhandlingen «Risk factors for fracture and fracture severity of the distal radius and ankle. – What about osteoporosis, celiac disease, and obesity»

Det er registrert 31 medarbeidarar med doktorgrad i Helse Førde pr. 2021.

Utviklingsdirektør Kleiven innleia om at det er fast halvårleg rapportering som no er delt i to saker, om forskning og innovasjon.

Forskningsleiar Solheim orienterte om statusrapport forskning i Helse Førde

- *Vi har god forskingsaktivitet i alle klinikkane*
- *Trekk ved vitenskapleg publisering 2015-2020*
- *Talet på nye kliniske behandlingsstudiar auka med 5 prosent i 2020 samanlikna med 2018*
- *Interne forskingsmidlar for 2021*
- *Ei tredje forskingssatsing i Helse Førde er søknaden «Samansette lidingar – forebygging, behandling og oppfølging»*
- *Riksrevisjonens rapport om kliniske behandlingsstudiar i helseføretaka, viser at Helse Førde er einaste føretaket som i løpet av 2019 hadde eit aktivt vedtak i styret retta mot forskning*

Seksjonsleiar Mjanger orienterte om Helseatlas:

Pandemirapporten del 2 er publisert. Helseatlas for somatisk behandling av psykisk liding og rusliding vert publisert over sommaren.

Styret takka for god og interessant rapport som viser at vi er i gang med god opptrapping av forskingsaktivitet i Helse Førde.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør sin statusrapport om forskning til vitende.

Sak 043/2021 Statusrapportering om innovasjon i Helse Førde

Oppsummering:

Første halvår 2021 har vore prega av høg aktivitet, trass pandemien. Helse Førde har lyst ut interne innovasjonsmidlar som eit ledd i opptrappinga av ressursbruken knytt til forskning og innovasjon, og ein har også søkt fleire eksterne kjelder om finansiering til prosjekt.

Helse Førde fortset å styrke det eksterne samarbeidet med både offentlege og private, i samsvar med regionale og nasjonale føringar.

I tillegg til å opne meir opp for samarbeid med andre utanfor organisasjonen, jobbar Helse Førde målretta med å styrke kulturen for forbetring og innovasjon internt i føretaket. Dette er eit langsiktig arbeid der ein heile vegen tek små steg i riktig retning. Føretaket har fått mykje merksemd for innovasjonsprosjekt det siste året. Dette gjeld mellom anna NORSE Feedback, Pust-deg-betre, Drone-prosjektet, VR til rehabilitering og sjølvkøyrande bussar.

Seksjonsleiar Mjanger orienterte om innovasjon i Helse Førde.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør sin statusrapport om innovasjon til vitende.

Sak 044/2021 Eventuelt

Adm. direktør Varden viste til brev frå Sogn og Fjordane Legeforening.

Styret ber adm. direktør om å sende svarbrev til Sogn og Fjordane Legeforening, med kopi til styret.

Styret stilte spørsmål om brev frå Høyanger kommune. Styret etterspør eit notat om Tronvik.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek «Skriv og meldingar» til vitende.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og melding var utsendt til styret :

- Protokoll frå føretaksmøte i Helse Førde HF 27.05.2021
- Brev frå Sogn og Fjordane Legeforening vedr. Bekymring om planlagt kapasitet i drift ved Nye Førde sjukehus, datert 02.06.2021
- Nye Førde sjukehus – månadsrapport mai 2021
- Brev frå Høyanger kommune vedr. Høyringsuttale frå Høyanger kommune – Regional plan for TSB 2021-2025 – status og framdrift i planarbeidet, datert 14.06.2021

Følgjande skriv og melding var lagt på bordet:

- Brev til Justis- og beredskapsdepartementet vedr. Høyringsfråsegn frå Helse Førde – Styresmaktene si handtering av koronaepidemien, datert 17.06.2021
- Brev til Helsedirektoratet vedr. Høyringsuttale – Nasjonale faglige råd for forebygging og riktig bruk av tvang i psykisk helsevern for vaksne, datert 18.06.2021

LUKKA DEL:
Off.lov § 24.3

**Sak 045/2021 Leiinga sin årlege gjennomgang av informasjons-
sikkerheit 2020 for Helse Førde**

Oppsummering:

Gjennomgangen av informasjonssikkerheit og personvern er ein kontroll av status på tryggleiksnivået innan IKT i Helse Førde HF, og om dette er i samsvar med føretaket sine behov og lovpålagde krav.

IKT-sikkerheitsleiar i føretaket utarbeider kvart år ein rapport som går gjennom dei viktige hendingane siste året.

IKT-sjef Schanke orienterte om arbeidet med IKT-sikkerheit i Helse Førde.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek rapporten «Leiingas årlege gjennomgang av informasjonssikkerheit 2020 for Helse Førde» til vitende.

Ref. Berit Irene Haarklau
22.06.2021

Agnes Landstad	Styreleiar
----------------	------------

Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
----------------------	-----------

Aud Ingrid Espeland	Medlem
---------------------	--------

Reidar Sandal	Medlem
---------------	--------

Ole Gunnar Krakhellen	Medlem
-----------------------	--------

Thomas Vingen Vedeld	Medlem
----------------------	--------

Ivar Eriksen	Medlem
--------------	--------

Lena Thorsnes	Medlem
---------------	--------

Randi Aven	Medlem
------------	--------

Ole-Magnus Kapstad	Medlem
--------------------	--------

Kari Sunde Kvile	Medlem
------------------	--------